

Fekk flott omtale i Kongen sin nyttårstale.

31.12.2012

-En mann i Stavanger fortalte gjennom mediene at han ville etablere en vennskapsklubb for å lindre både egen - og andres - ensomhet. I dag har klubben flere hundre medlemmer. En av dem skrev til meg og fortalte at mange har fått et nytt og rikere liv, sa Kongen i sin nyttårstale

Denne mannen frå Stavanger er barnebarnet til Marta Raudstein. Bestemora er over 90 år og bur på Haugland.

Mor til Steinar Halleland er uskedalsjenta Astrid med jentenamnet Raudstein, og ho vaks opp på Bråtet på Haugland. Ho flytta til Stord, og gifta seg og stifta familie der.

Steinar er altså oppvaksen på Stord, men er no busett i Stavanger. Det var etter han flytta dit, han starta arbeidet med å etablere venneklubbar for dei som følte seg einsame. Dette arbeidet har verkelag bore frukter!! No har Halleland sine venneklubbar passert 2000 medlemmer, og dei er etablert i 13 ulike byar. Forutan i Stavanger finns det no venneklubbar i Bergen, på Stord, Haugesund, Kristiansand, Drammen, Fredrikstad, Halden, Hamar, Lillestrøm, Trondheim, Nord-Trøndelag og Molde. Steinar Halleland har tatt initiativ til alle, men dei vert drivne av medlemmene.

Klubbane har delt seg inn i mange undergrupper, blant anna fleire turgrupper, singelgruppe, barnegjeng, fotogruppe, quizgruppe, fiskegruppe, MC-gruppe og litteraturgruppe for å nemne noko. Facebook og sosiale media er mykje brukt i administreringa av klubbane.

Dette var bakgrunnen for at denne eldsjela med uskedalsaner vart nemnt i Kongen sin nyttårstale i kveld.

De kan lesa kva Aftenbladet skriv om dette ved å klikka på denne linken: <http://www.aftenbladet.no/nyheter/lokalt/stavanger/Kongen-snakket-om-Venneklubben-i-nyttarstalen-3096192.html>

Arbeidet til Steinar Halleland har tidlegare vore omtala i vekeblad og aviser, TV og radio.

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Jarle Aasland, Aftenbladet.